

6 OG 8 GRATIS HEIMREISER

NO!

Å kome heim på perm er den beste velferden me soldatar kan få. Samtidig er dette eit sterkt begrensa velferdstilbod, svidi me idag har få gratisreiser. (Flyvåpnet har 3 reiser på 12 mnd.) Mange betalar sjølv heimreiser for å vitje familie og vener. Men, med denne dårlege økonomien me har er dette sjølvsegt uholdbart, deggengene åleine kan ikkje dekke sjølfinsansierte heimreiser, Kva er då meir rett og rimleg enn at me får innvilge fleire gratisreiser?

EINSKAP GIR SIGER!

Kravet om 6 og 8 gratis heimreiser er ikkje eit nytt krav. Landskonferanse etter landskonferanse har stilt dette kravet, men farebels har me berre fått fagre ord og løfter til svar. I år er kravet for 6 og 8 gratisreiser sett opp som det viktigaste saka fram til neste landskonferanse. Det er bra; men det er klårt at dette ikkje er nok. Det er fyrst og fremst det arbeidet me soldatar sjølv driver for våre krav, som gjer resultat. Dette betyr at me må stå samle, ikkje la oss splitte og ikkje gje oss før kravet er innfridd!

DET NYTTAR Å KJEMPE!

Landsutvelget for tillitsmenn har forpliktet seg til å forhandle om kravet vårt med styresmektane. Samtidig slo landskonferansen at dette åleine er utilstrekkelig: at det er naudsynt at det vert teke i bruk aksjonar ol. i kampen for krava våre. Berre siste året har LTF ført mange forhandlinger om heimreisekravet. No er det på tide at me sett mekt bek krava, og legg eit reelt press på styresmektane. Innfringa av kravet om 1000 kr. i dimpepengar synte at det nyttar å kjempe. Det var nettopp truslen om aksjonar som førte til at dimpepengane vert sett opp frå 390,- til 1000kr. iløpet av kort tid.

Demonstrasjonen for 6 og 8 gratisreiser den 24/6-76 er eit ledd i den viktige kampen for dette kravet. I førre veke var det mange demonstrasjonar andre stader i landet, særleg i Troms. Desse demonstrasjonane betyr mykje i kampen for å få innfridd krava, ein kamp som nett er byrja, og som må trappast kraftig opp heilt til kravet er innfridd.

LA DEMONSTRASJONEN BLI EIN KRAFTG MARKERING PÅ KOR STERKT
KRAVET OM 6 OG 8 GRATISREISER STÅR BLANDT SOLDATANE I MÅLSELV!

DEMONSTRASJON I ANDSELV TORS DAG 24/6

OPPMØTE KL: 19 VED Skogbrukets hus (CA 500m nord for sentrum.)

Etter toget blir det møte på
BARDUFOSSE HOTELL. Her blir det

tatt opp fyljende:

-OM LANDSKONFERANSEN SAPELL FRA RUSTAD/HEGGELIA

-OM RETTSAKA MOT GARDESOLDATEN -KULTUR/ALLSANG.

ARR; IO - gruppene i Rustad/Heggelia og Bardufoss fl.st.